



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

08.05.2025

Vår ref:

2025/4274

Dykkar dato:

12.03.2025

Dykkar ref:

202106404

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn - søknad - økt slukeevne - Tveitelva kraftverk AS - Kvinnherad

Statsforvaltaren rår frå å auke tillaten slukeevne i Tveitelva kraftverk, då ytterlegare redusert vassføring i elva vil forsterke negative konsekvensar for landskapsopplevinga av eksponert foss på utbyggingsstrekninga og for naturmiljø knytt til elva.

Vi viser til høyringa av søknaden om å auke slukeevna i Tveitelva kraftverk, frå konsesjonsgitte 1,76 m³/s til 2,1 m³/s, for å auke årsproduksjonen med 0,6 GWh. Det er oppgitt i søknaden at endringa vil redusere gjennomsnittleg vassføring i Tveitelva med fire prosent i høve til dagens situasjon.

Vår vurdering

Slukeevneintervall og minstevassføringsvilkår er viktige premisser for å finne rett balanse mellom kraftproduksjon og allmenne interesser ved vasskraftutbyggingar. Vassføringar større enn største slukeevne, og mindre enn minste slukeevne pluss minstevassføring, tilfører vatn utover minstevassføringa og gir ein dynamikk som er viktig for naturmiljø og friluftsinteresser.

I bakgrunnsdokumentet for konsesjonsvedtaket frå 2007 er det oppgitt middelvassføring på 0,95 m³/s. Dagens slukeevne utgjer 185 prosent av middelvassføringa, medan slukeevna det nå blir søkt om vil utnytte 221 prosent av middelvassføringa. Det er presisert at nedbørfeltet til Kvanngrovatnet, som er overført til Langavatnet med tunnel, ikkje er med nedbørfeltet til Tveitelva som ligg til grunn for utrekningane.

Vi (dåverande Fylkesmannen i Hordaland) rådde frå å gi konsesjon til Tveitelva kraftverk, først og fremst fordi redusert vassføring etter ei utbygging ville få negative konsekvensar for landskapsbiletet, særleg for ei godt eksponert fossestrekning. Vi påpeka òg at sjøauren nedst i elva ville bli negativt påverka. Det blei ikkje sett krav i konsesjonen om omløpsventil, som ville vore egna til å oppretthalde ei tilstrekkeleg vassføring for sjøauren ved uføresette stans i kraftstasjonen.

Dagens slukeevne ligg allereie på eit nivå som har vore vanleg for vasskraftutbyggingar som har fått konsesjon dei seinare åra. Slukeevna det er søkt om vil, ut frå vårt inntrykk av konsesjonar som er gitt, liggje heilt i øvre sjikt. I tillegg kjem altså effekten av at vassdraget allereie er utnytta til vasskraftproduksjon ved overføringa austover frå Kvanngrovatnet. Det ligg ikkje føre utrekningar av kva som vil vere den samla vassutnyttinga frå det opphavlege nedslagsfeltet til Tveitelva. Vi minner elles om at vi påpeika manglar i utgreiingane av konsekvensar for naturmangfaldet i høyringa av

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



konsesjonssøknaden, og at det seinare har vore fleire revisjonar av undersøkingskrava i dei nasjonale rettleiarane.

Det kan vere uheldig med etappevis justering av eit kraftprosjekt, etter at konsesjonsvedtaket er fatta gjennom ei heilskapleg vurdering av fordelar og ulemper ved utbygginga. Det bør difor vere ein viss terskel for å akseptere auka vassutnytting i disfavør av allmenne interesser.

Vi vil ut frå dette rå frå at det blir gitt løyve til å auke slukeevna i Tveitelva kraftverk.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Kvinnherad kommune
Vestland fylkeskommune

Rosendalsvegen 10
Postboks 7900

5470	ROSENDAL
5020	BERGEN